

Årsmelding 2021 frå Vestland Venstrekvinnelag

Me starta året med håp om at samfunnet skulle opne opp og gi oss mulighet til å møte folk og snakke politikk, men heller ikkje dette året fekk me høve til å gjennomføre eit einaste fysisk styremøte. Trass det fekk me snakka godt saman og fekk gjennomført både solid valkampinnsats, gjennomslag for viktig politikk og bra medlemskontakt.

Også 8.mars vart markert digitalt og me deltok i markeringa i Bergen. Me deltok i arbeidet fram mot markeringa og i den digitale paraden hadde me parolen: Omvendt valdsalarm no. Me prøvde å få på lesarbrev om temaet også, men lukkast ikkje å nå gjennom.

Kva med dei som aldri kjem inn i arbeidslivet? Ingen har eit godt svar på det og me har jobba for å få til eit arrangement som set dette på dagsorden gjennom heile året. Me har snakka om det mange gonger, men me har ikkje fått realisert ei open, offentleg samtale om det. Dette temaet er så viktig at det må jobbast vidare med i det nye styret.

2021 var eit valkampår! Det la rammene for det me gjorde heilt fram til midten av september. Me var med i valkamputvalet og mange gode Venstrekvinner la ned stor innsats på stand, i debattar, i postkasseaksjonar og på dørbank der det var muleg – og me prøvde å løfte fram kvinner på Facebook-sida vår når dei var ute og ytra seg. Kari var saman med Åsta både i Masfjorden og i Kvam for å bidra til lokal aktivitet. For å styrke økonomien tok leiar initiativ til eit kunst- og kulturlotteri som ein del av valkampen. Det gav inntekter på i overkant av 27.000 NOK, mellom anna fordi alle gevinstane var gåver til Vestland Venstre og engasjementet var stort.

Ein av dei viktigaste sakene for oss utover hausten var å få sett urettane mot kvinner og born i utlendingssaker på dagsorden. Uttalen me gjorde i haust fekk tilslutnad både i Vestland Venstre og i andre Venstrekvinnelag – og vart ein del av ei uttale vedteken av Landsstyret i november. Eit særskilt viktig gjennomslag.

Også gjennom året har medlemmar av Vestland Venstrekvinnelag bidrege mykje i arbeidet i Vestland Venstre. Trude Sletteland representerte oss i Nominasjonsnemnda til Stortingsvalet, Siw Bergesen gjekk inn i Valnemnda og Kari Østervold Toft var med i Valkamputvalet. Kari Østervold Toft deltok i arbeidet med å utarbeide ei ny politisk plattform for Noregs Venstrekvinnelag som vart vedteken på landsmøtet 30. januar 2021. Kari Østervold Toft har og møtt i fylkesstyret og var delegat til det digitale landsmøtet i Venstre i april.

Den einaste fysiske samlinga i Vestland Venstre vår Oktoberfesten. Her var både nye og gamle medlemmar samla – og Venstrekvinnelaget innbaud til strikk og drikk som ein alternativ aktivitet laurdag ettermiddag. Sosialt og kjekt.

Me må halde fram og jobbe målretta for å utgjere det nettverket som løfter kvinner fram og set kvinner sine synspunkt på dagsorden både i partiet og i samfunnet elles. Her har me framleis ein god veg å gå. Me fekk gjennom vårt framlegg til endring i vedtektene til Vestland Venstre slik at representasjon i fylkes- og nominasjonsmøtet baserer seg på medlemstal og ikkje talet på lokallag.

Vestland Venstrekvinnelag har i januar -22 44 betalende medlemmar. 8 har ikkje betalt kontingent sjølv etter purring.

I 2021 har styret vore samansett slik: Leiar Kari Østervold Toft, nestleiar Trude Sletteland, styremedlemmar Kjersti Vevatne, Anne Beth Njærheim og Birgitte Hjertaas. Varamedlemmar har vore, Vigdis Tønning og Agnes H. Bernes.

.....

Leiar sin refleksjon:

2021 er også historie. Eg kjenner på at me fekk utretta mykje, men ønskje om å skape fleire fysiske møteplassar for Venstrekvinner i Vestland vart ikkje muleg i år heller. Me har vore aktive på sosiale medium og eg registrerer at mange følgjer med der.

Eg synest me fekk til mykje og eg opplever at det er fint å ha kontakt med mange gode folk i det flotte fylket vårt. Eg har ei sterk kjensle av at Venstrekvinnelaget sin plass i det vestlandske venstreland er sterk og me har mange tydelge, engasjerte og kloke folk i vårt nettverk – både kvinner og menn.

Mi utfordring til dei som no skal ta over er at de må halde fram med å styrke nettverksarbeidet og å få til inspirasjonssamlingar med jamne mellomrom – anten fysisk eller digitalt. Det er mange viktige saker å setje på dagsorden.

Eg kjenner sterkt på at det framleis er trong for eit solid og inkluderande nettverk for kvinner og andre som meiner det trengs innsats for auka likestilling i samfunnet vårt.

Trass alt har 2021 vore eit år kor me har lært mykje, og i dag er det heilt naturleg for oss å samhandle digitalt – det gjer at det er muleg å engasjere seg sjølv om ein ikkje bur i sentrale bystrøk. Eg takkar for god samhandling med styret og andre gode medspelalar også dette året og ønskjer lukka til med viktig arbeid i åra som kjem.

Steinsland, 18. januar 2022

Kari Østervold Toft – stolt venstrekvinne

